

Dato: 18.01.2023
Arkivref: 2021/835 - 2141/2023 / Q80
Utval:

Saksbehandlar: Lene Borgen Waage
lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no

Status trafikksikringsarbeidet Bømlo kommune

Bakgrunn

Som trafikksikker kommune jobbar Bømlo systematisk med organisatoriske, haldningsskapande og fysiske trafikksikringstiltak. Trafikksikringsplanen 2020-24 for Bømlo kommune ligg til grunn for arbeidet. I denne saka får politikarane ei orientering om dei årlege prosessane i trafikksikringsarbeidet og status for pågåande prosjekt.

Faste prosessar

Bømlo kommune har faste møtepunkt på kommunenivå for å gjera vurderingar av innkomne innspel og diskutera framdrift og status i trafikksikkerhetsarbeidet. Ei heilskapleg oversikt over faste møtepunkt og prosessar i 2023 er å finna i vedlegg 1.

- Trafikktryggleiksgruppa med kommunalsjef samfunnsutvikling, plan, vegingeniør, rådgivar folkehelse og frivilligheit og skulefagleg rådgivar (sistnemnde blir med frå januar 2023) møtast månadleg og diskuterer innkomne innspel og behov og status for fysiske trafikksikringstiltak. Tidlegare hadde ein møter fire gonger i året, men ein har no sett at det er formålstenleg å ha kortare møte, oftare.
- Bømlo kommune har aktive foreldrearbeidsutval (FAU), grendautval og lag og organisasjonar. Det er av stor verdi at desse initierer og på ulike vis bidreg til gjennomføring av ulike trafikktryggleikstiltak. Også anlegg/turvegar/andre prosjekt blir initiert og gjennomført av og med lag og organisasjonar både på deira grunn, på privat grunn og på kommunal grunn. For å sikra at kommunen gir god rettleiing om prosessar knytt til grunneigaravklaringar/avtalar, søknadar etter plan- og bygningslova, innkjøpsprosessar osv testar me ved inngangen av 2023 ut eit team med rådgivar folkehelse og frivilligheit, rådgivar kultur og idrett, samfunnsplanleggjar og kommunal prosjektleiar, der me ser på status for og spørsmål kring slike prosjekt.
- Dialog med grendautval, rektorar og styrarar.
 - o Ein gong per år har kommunen møte med alle 12 grendautval i kommunen. Trafikktryggleik er eitt av dei faste temaa i dette møtet
 - o Rektorane og styrarane i Bømlo har faste møtepunkt (om lag ein gong i månaden). Ein gong per år er systematisk arbeid med trafikktryggleik tema.

- Organisatoriske tiltak er ein viktig del av Bømlo kommune sin trafikktryggleiksplan. Desse følgjast opp i årleg sak til Arbeidsmiljøutvalet (sjå sak frå juni 2022 i vedlegg 2). Bømlo har frå desember 2022 starta med eit fast årshjul for HMS-kampanjar, der trafikktryggleik inngår som eit av dei faste temaa.
- Frå 2020 har prosessane kring trafikktryggleiksarbeidet på fylkesvegar blitt endra. Dette skuldast både samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane og overføringa av oppgåver frå Statens vegvesen til fylket. I 2022 har kommunen hatt fleire kontaktpunkt med fylket for å avklara status og prosess for konkrete prosjekt, men også for å tydeleggjera prosessane framover. I 2023 vil me be om eit møte tidleg på hausten, slik at innspel kan takast inn i fylkeskommunale budsjettprosessar.

Regodkjenning trafiksikker kommune og oppstart planprosess

Bømlo kommune vart regodkjent som trafiksikker kommune i 2020, med fastsett regodkjenning til våren 2023. Denne prosessen vil inkludera spørjeskjema i utvalde barnehagar og skular, evaluering av trafiksikkerheitsplanen, heimetenestene, teknisk og leiargrupper. Vidare sender me inn dokumentasjon, før trygg trafikk besøker kommunen.

Evalueringa av trafiksikkerheitsplanen vil også bli oppstarten av planprosessen for revidert trafiksikringsplan for Bømlo kommune 2024-28. Plan for denne prosessen vil bli lagt fram for Utval for areal og samferdsle i andre møterunde våren 2023.

Status trafiksikringstiltak

Haldningsskapande tiltak

- Ungdomsrådet gjennomførte vinteren 2022 reflekskampanje i samarbeid med Finnås kraftlag. Alle ungdommar fekk reflekselar, samt at ungdomsrådet fronta kampanje med konkurranse der lag og organisasjonar kunne vinne pengepremiar for beste bodskap, mest kreative og flest refleksar. Videoane er også delt i samband med refleksdagen 2022 og trafiksikringsdagar. Refleksdagen blir også markert i ulike delar av kommunen med utdeling av refleksar og informasjon, samt på sosiale media¹.
- Deltaking storforeldremøte Rubbestadneset (februar 2022): Foreldra teikna inn traséar og snarvegar, samt behov. I etterkant har me førebels arbeidd med snarveg til Arhaugen og det er gitt finansiering til lyssetting på snarveg opp frå Ramsdalen (via midlar til turløyper). Innspela vil også vera verdifulle når me går i gang med revisjon av temaplanen for trafiksikring.
- Dialog med Gilje FAU om moglege trafiksikringstiltak og planlegging av trafiksikringsdag. Innspela blir både brukt som grunnlag for snarvegutvikling og i samband med revisjon av temaplanen for trafiksikring.
- Trafiksikringsdag vidaregåande skule med finansiering frå Vestland fylke sine trafiksikringsmidlar – VG2 og VG3 hadde 19.oktober trafiksikringsdag (sjå rapport i vedlegg 3).
- Mellomtrinnet på Moster skule og Hillestveit skule gjennomførte Sykkelskolen (tidlegare kalla sykkelkids) i regi av Norges cykleforbund. Opplegget er finansiert med midlar frå Vestland fylke sine trafiksikringsmidlar.

¹ Sjå Ungdomsrådet Instagram for meir informasjon og videoane: <https://www.instagram.com/bomloundomsrad/>

- Trafikksikringsdag/samling for VG1 med særleg fokus på moped/lett motorsykel har fått finansiering av Vestland fylke sine trafikksikringsmidlar. Ungdomsrådet har fokus på dette temaet og er med på å bestemma korleis dette skal utformast.
- Saman med Øygarden kommune har me fått finansiering til prosjekt kryssingspunkt frå Vestland fylke, der me skal sjå på avklaringar og haldningsskapande tiltak knytt til kryssingspunkt utan gangfelt.
- Månadlege HMS-plakatar frå Trygg trafikk blir delt via kommunen sin Facebook-sider, infoskjermar og andre relevante oppslag (informasjonskanal er avhengig av tema).

Som vist over er mange av desse tiltaka finansierte av Vestland fylke sine midlar til trafikktryggleiksaktivitetar. Desse har søknadsfrist to gonger i året (1.9 og 1.12). I tillegg til at Bømlo kommune søkte og fekk innvilga fire prosjekt i 2022, fekk Bømlo frivilligsentral midlar til trafikalt oppfriskingskurs 65+ ved siste tildeling.

Prosjekt knytt til trafikksikker kommune-prisen

I samband med at Bømlo fekk pris som årets trafikksikre kommune i 2021 fekk følgjande prosjekt tildeling (status i parantes)²


- Parkeringsplass Våge skule (plan/vurdering er bestilt)
- Fortau Langevåg (Delfinansiering frå Vestland fylke vart tildelt frå søknad om fysisk trafikksikringstiltak. Det er gjort avklaringar av prosess med Vestland fylke og teknisk plan er bestilt)
- Fotgjengerovergang Stavlandsneset (Delfinansiering frå Vestland fylke vart tildelt frå søknad om fysisk trafikksikringstiltak. Det er gjort avklaringar av prosess med Vestland fylke og teknisk plan er bestilt)
- Sykkelstig Moster skule (avklaringar rundt byggesøknad, vegnorm, prosess og innkjøp er gjort. Forventa gjennomføring våren 2023).
- Grusing barnetråkk og lys på stig Rubbestadneset (gjennomført).

Andre fysiske trafikksikringstiltak

- Reguleringsplan Nese vart vedteken i januar 2022.
- I 2022 har me avslutta eit omfattande arbeid med rassikring og betring av Børøyvegen. Finansiering her har vore Vestland fylke sine trafikksikringsmidlar og Bømlo kommune sine trafikksikringsmidlar.
- Bjørkåsen: Prosjektet er klart til oppstart, med forventa oppstart på ettermønteren.
- Avventar tilbakemelding frå Vestland fylke om lysregulering Tronko bru og nedsett fartsgrense/busskur Melingsheio
- Veglys Løkkevegen er ferdigstilt
- Veglys Serklau er ferdigstilt
- Parkeringsplass Kurebu ved Kinnestraumen bru (i regi av Bømlo turlag med finansiering frå SIM sitt miljøfond)
- Det blir kontinuerleg gjort mindre trafikksikringstiltak som del av dagleg drift og i privat regi. Døme på slike mindre tiltak: Siktutbetring KV 1187, fjerning/klypping av vegetasjon (mellom anna i rundkøyring inn til Hollundsdaalen) og fjerning av bøylar på gang- og sykkelveg i Rubbestadneset som var til hindring for rullestol.

² Sjå protokoll sak 13/22 her:

<https://prod01.elementcloud.no/publikum/Documents/ShowMeetingDocument/35dcc491-8e78-470e-afc8-0db3f930a352/96/MP>



■ Årlege prosessar ■ Temaplan trafikksikring og mobilitet



Dato: 29.05.2022
Arkivref: 2021/835-17298/2022 / Q80

Saksbehandlar: Lene Borgen Waage
53 42 30 58
lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Arbeidsmiljøutvalet	02.06.2022

Trafikksikring - oppfølging i Arbeidsmiljøutvalet 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1) Arbeidsmiljøutvalet tek informasjon om arbeidet med trafikksikring til vitande
- 2) Trafikksikring bli del av årshjul for HMS-kampanje i Bømlo kommune

Dokument i saka:

Vedlegg 1: Trafikksikringsplanen 2020-24 for Bømlo kommune

Bakgrunn for saka:

Som del av at Bømlo kommune er trafikksikker kommune har Arbeidsmiljøutvalet ein årleg oppfølging av trafikksikringsarbeidet.

Trafikksikringsplanen for Bømlo 2020-24 blir følgd opp gjennom ei tverrfagleg trafikksikringsgruppe som vurderer innkomne sakar og tiltaka i planen. Grappa er samansett av kommunalsjef for samfunnsutvikling, vegingeniør, planleggjar og rådgivar for folkehelse og frivilligheit og har frå våren 2022 møte ein gong i månaden.

Trafikktryggleiksarbeidet i skular og barnehagar

Skulane og barnehagane følgjer opp trafikksikring gjennom eigne trafikksikringsplanar. Me har valt å jobba særskilt med trafikktryggleik på dei ulike skulane enkeltvis fram mot revisjonen av trafikksikringsplanen i 2024. Slik kan me tilpassa opplegga til situasjonen på dei ulike skulane. Så langt har me hatt opplegg knytt til følgjande skular:

- Rubbestadneset skule: Trafikktryggleiksdag juni 2021, dialog med FAU og grendautvalet hausten 2021, sak i Areal og samferdsle i november 2021 og tema på storforeldremøte i mars 2022.
- Våge skule: Trafikktryggleiksdag september 2021, synfaring og dialog med FAU/rektor om parkeringsplass i desember 2021 og våren 2022.
- Moster skule: Dialog med FAU om sykkelstig våren 2022, sykkelkids og opplegg i samband med valfag trafikk våren 2022
- Hillestveit skule: Dialog i samband med etablering av ny dropstone i 2021, sykkelkids haust 2022 og dialog med grendautval i samband med utarbeiding fortau
- Gilje skule: Møte med FAU og rektor i april 2022, planlagt møte med FAU for kartlegging juni 2022 og på storforeldremøte hausten 2022.

- Meling skule: Sykkelkids hausten 2021, trafikktryggleik som tema på grendamøte i mars 2022, kartlegging av snarveg med elevrådsrepresentantar i samband med reguleringsendring i mai 2022.
- Bømlo vidaregåande skule: Trafikktryggleiksdag i november 2021 med føredrag, bildropp og stasjonar med representantar frå trafikkskule, uttrykkingsetatar, NAF og kommunen.

Fleire av tiltaka over er finansiert med midlar frå Vestland fylke, som lyser ut midlar til trafikksikringsaktivitetar to gonger i året. Opplegga bidreg både til bevisstgjerung av tilsette, føresette og elevar. Vidare blir det laga kart over snarvegar og utfordringar. Desse blir del av grunnlaget for revisjonen av trafikksikringsplanen. Det har i løpet av vinteren blitt tilsendt mange nye styrarar for barnehagane i Bømlo. Hausten 2022 blir derfor barnehagane sine system for trafikktryggleik tema for møte med styrarane.

Årets trafikksikre kommune

I 2021 fekk Bømlo kommune den nasjonale prisen for årets trafikksikre kommune. Med dette følgde 1 million kroner. Pengane vart lyst ut, med særleg fokus på skuleveg for barn og unge. Etter søknadar frå grendautval, FAU, skular og barnehagar fekk følgjande prosjekt tilsegn:

- Barnetråkk Rubbestadneset
- Ny løysing parkeringsplass Våge skule
- Sykkelstig Moster skule
- Fortau Langevåg
- Fotgjengerovergang Stavlandsneset

Dei to sistnemnte fekk også 50 % av finansieringa etter søknad til fysiske trafikktryggleikstiltak til Vestland fylke. I tillegg fekk Bømlo kommune innvilga 64000,- frå nasjonal utlysing knytt til Barnas transportplan. Dette er eit prosjekt med barnetråkk ved Arhaugen i Rubbestadneset i samarbeid med FAU og grendautval i Rubbestadneset.

Trafikktryggleiksplakatar og markering av refleksdagen

Som trafikksikker kommune deler Bømlo trafikktryggleiksplakatar utvikla av Trygg trafikk på nettsidene, Facebook-sidene og på relevante informasjonsskjermer.

I oktober markerast den årlege refleksdagen. I 2021 delte me ut refleksar som var sponsa av Bremnes seashore og Finnås kraftlag til dei som ønskte det. Barneskulane fekk tilbod om refleksvestar til dei yngste, sponsa frå Veidekke. Mange av barneskulane får også tilbod om refleksvestar direkte. Eit hovudfokus for kampanjen i 2022 var ungdomsskuleelevar og vidaregåande elevar. Her samarbeidde ungdomsrådet og Finnås kraftlag om kampanjen «Unngå spenning langs vegen». Alle elevane fekk utdelt reflekselar. Det vart vidare arrangert ein konkurranse der grupper, lag og organisasjonar kunne vinne pengepremiar for videosnuttar for beste budskap, mest kreativ og flest refleksar. Alle ni innsendte bidrag vart delt på Bømlo ungdomsråd sin instagramkonto og Facebook-konto, før vinnarane vart kåra av jury med Finnås kraftlag og Bømlo kommune (for beste budskap) og ungdomsrådsrepresentantar (for mest kreativ og flest refleksar).

Trafikktryggleik som del av årshjulet for HMS-årshjulet og oppfølging av avvik

Bømlo er no i ferd med å laga eit årshjul for kampanje knytt til HMS for alle tilsette. Trafikktryggleik vil bli del av dette årshjulet. Slik blir det enklare å nå fram til alle tilsette med e-læring og andre tiltak for bevisstgjerung og opplæring.

I tråd med vedtak i AMU i 2021 er det oppretta eigen kategori for trafikktryggleik frå januar 2022. Det er så langt kome inn tre avvik, fordelt på mars, april og mai. Alle tre har blitt kategorisert med låg alvorsgrad. Avvikskategorien vil vera eitt av temaa når trafikktryggleik er tema i årshjul for HMS-kampanjen hausten 2022.

Vurderingar:

Trafikksikringsplanen 2020-24 gir eit godt grunnlag for arbeidet som trafikksikker kommune. Neste rullering av denne er i 2024, og kommunedirektøren rår til at AMU våren 2023 gir sine innspel til revidert trafikksikringsplan. Desse blir ein viktig del av grunnlaget frå revisjon, saman med innspel frå grendautval, skular og FAU.

Innarbeiding av trafikktryggleik som tema i HMS-årshjulet er eit viktig grep for å sikra systematikk i opplæring og bevisstgjerung av tilsette. Her blir også bevisstgjerung av melding av avvik kategorisert med trafikksikring innarbeidd.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Uhell og skader knytt til manglande trafikktryggleik kan i ytterste konsekvens føre til økonomiske konsekvensar for både tilsett og kommunen

Miljømessige konsekvensar:

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Systematisk trafikktryggleiksarbeid i HMS-arbeidet bidrar til betre beredskap og samfunnstryggleik.

Folkehelse:

Det er eit viktig mål at kommunalt arbeidsrelatert ferdsel i trafikken skal ivareta dei tilsette sine individuelle føresetnadar og behov, og ta omsyn til trafikktryggleik og miljø. Fokus på førebygging og helsefremjing er ein del av dette.

Oppsummering og konklusjon:

Arbeidet med trafikksikring retta mot dei tilsette i Bømlo kommune er ein viktig del av oppfølginga som trafikksikker kommune. Innarbeiding av trafikktryggleik som del av årshjulet for HMS blir viktig for å sikra systematisk oppfølging av det haldningsskapande arbeidet.

Arbeidsmiljøutvalet vil få neste orientering om status for trafikksikringsarbeidet våren 2023. Då vil utvalet også bli bedt om å gi sine innspel til revisjonen av trafikksikringsplanen som skal vedtakast i 2024.

Avgangselevar vil bli fornuftige sjåførar



200 avgangselevar ved Bømlo vidaregåande skule fekk prøva promillebriller, «Velte-Jacob» og mykje anna på trafikktryggleiksdag. **SIDE 4 OG 5**

Bilde og omtale henta frå Bømlo Nytt.

Evaluering/Rapport:

Trafikkdag på Bømlo Vidaregåandeskule.

Onsdag 19. oktober 2022

Aktørar:

Stord politistasjon, Bømlo Brannvesen, Bømlo Kommune, Trygg Trafikk, NAF, Ambulanse, Sunnhordland Trafikkopplæring AS., Foredrag: Trond Haukedal, Kommunedirektør Kjetil Aga Gjørseter, Bømlo Vidaregåandeskule, Rubbestadneset Vidaregåandeskule, Vestland Fylkestrafikksikringsutvalg FTU (finansiering)

Prosjektlear:

Trafikklærar Per Ove Sercan Husevik og Folkehelsekoordinator i Bømlo Lene Borgen Waage

Trafikksikringsdagen er forankra i Bømlo kommune sin trafikksikringsplan. Den er finansiert gjennom Vestland fylke sine utlyste midlar til trafikksikringsaktivitetar.

Innhald

- 1. Oversikt planlegging, gjennomføring og evaluering**
- 2. Evaluering**
- 3. Rekneskap**
- 4. Ny dato for gjennomføring i 2023**
- 5. Tankar for neste gjennomføring**
- 6. Program 2022**
- 7. Informasjon til media**
- 8. Bilete frå gjennomføring**
- 9. Reportasje Bømlo- Nytt**

1. Oversikt planlegging, gjennomføring og evaluering

Det er gjennomført digitale, telefon og fysiske møter i perioden frå mai til gjennomføring i november.

- 29. august Teamsmøte
- 13.september fysisk prosjektmøte
- 6. oktober Teamsmøte
- 19.oktober gjennomføring av trafikkdag
- 8.November evalueringsmøte.

2.Evaluering

Generell tilbakemelding:

- Elevar og lærarar var svært godt nøgde med trafikkdagen, det blei også registrert at elevane hadde dette som samtale emne i pausar osv.
- Frå vår side så opplevde me at gjennomføringa gjekk greitt utan store feil eller manglar, sjølv om me ser områder me kan bli betre på.

Vår vurdering av program:

Programmet som heilheit fungerte fint og skapa eit godt bilete av trafikktryggleik for elevane.

Kl 08.00 Per Ove er på plass i Kulturhussalen og rettleiar elevane på plass.

- KI 08.15 Kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter opnar trafikkdagen med å syne til kor viktig trafikktryggleik er for Bømlo Kommune og deira innbyggjarar.
- Viktig for prosjektet at leiinga i kommunen tek seg tid til å snakka med ungdommen på ein slik dag. Me vil vidareføra dette ved neste gjennomføring.**
- Me syner Refleksfilmene som vant konkurransen i fjor.
- KI 08.30 Foredrag av Trond Haukedal. Dette var ein god start på dagen og sette elevane i rettodus.
- Me ser det som viktig å ha ein foredragshaldar med høg kvalitet. Dette vil me vidareføra ved neste gjennomføring.**
- KI 09.40 Brannsjef Ove Halleraker informerte om kva elevane skulle få oppleve på posten som er ved «Gamle U.Skule», demonstrasjon av kollisjon i 80 km/t, Airbag og frigjering av personar frå kollidert køyretøy.
- Me opplevde at denne informasjonen var nyttig for elevane og gjorde at demonstrasjonen vart meir meningsfull for dei som deltok. Me gjentar dette som eige punkt i programmet ved neste gjennomføring.**
- KI 10.00 Demonstrasjon av kollisjon i 80 km/t (bruk av mobilkran) og demonstrasjon av airbag. Dette blei ei sterk oppleving for elevane, som gav betre forståing av krefter som påverkar ein person i ei slik ulykke. Viktig å også ha med demo. av airbag, hurtigopning av kollidert køyretøy og dukke som symbolisera person i ulykke.
- Demonstrasjonane var nyttige og vil bli vidareført ved neste gjennomføring. Når det gjeld elevane sin evne/vilje til å ha klede som er eigna til kaldt vær, så me forsøkja å væra tydelege på dette i forkant av neste gjennomføring. Sjølv om situasjonen var betre i år enn i fjor.**
- KI 11.00 Stasjon besøk. Elevane møtte dyktige og engasjerte personar på alle stasjonar, kvar stasjon hadde ein klar og tydeleg agenda, som også overlappa kvarandre på ein god måte. Tidsplanen med 20 min pr stasjon kan være noko kort, men tvingar både dei som har stasjonen og elevane til å nytte tida godt. Rotasjon mellom stasjonar gjekk i store trekk veldig bra og blei gjennomført i dei siste 5 min av tidsbolken på kvar stasjon.
- Me vidarefører denne forma for stasjonsarbeid i neste gjennomføring. Og må sikra oss at me klarar å halde alle stasjonane i gang gjennom denne økta. Me vurderer også å få til ei samling i forkant slik at alle stasjonane/aktørane klargjer tydeleg kva som vert snakka om, slik at elevane ikkje opplever å høyra «det same» på ulike stasjonar. Vurderer også om enkelte stasjonar kan være to-delt. Ved neste gjennomføring vil me endra plassering av posten som er i «Fuglaberget» pga litt for mykje uromoment av andre elevar som har pause mellom timar.**

Lunsj: Serveringa med bagett, kaffi og vatn fungerte veldig bra, me synes også at det var fint å sitje saman med elevane å ete. Dette gjorde at me hadde tettare kontakt og at elevane kunne snakka om opplevingane med oss i pausen. Ordninga med å merkja maten med glutenfri osv fungerte svært bra.

Me vidarefører lunsj servering ved neste gjennomføring, servering i «Fuglaberget» og matsal. Me vidarefører den gode rutinen med å informera elevane i framkant om servering.

Kl 13.30 Rektor Rebecca Hildebrandt-Paulin avslutta dagen med å ha ein gjennomgang av programmet og syna til at dette har vore ein viktig dag for elevane.

Det er viktig for elevane at dei skjønner at både kommunen og skulen tykkjer at eit slikt arrangement er viktig kunnskap og kompetanse for elevane å ta med seg vidare i livet. Me vidarefører denne delen.

3. Rekneskap:

Til trafikksikringsdagen hausten 2022, fekk me tildelt Kr 40 000,- frå Vestland fylke FTU. Kostnadane fordelte seg slik:

Kostnadar	Kr:
Leige mobilkran til bildropp	5 874.-
Føredrag Trond Haukedal (inkl reise)	23 821,40
Servering trafikksikringsdag (mat til alle elevar)	5 600.-
Koordinering trafikksikringsdag (Husevik)	4 700.-
Sum kostnadar	39 995,40

4. Ny dato for gjennomføring 2023

- Torsdag 19. oktober (Refleksdagen)
- Søknadsfrist for støtte frå FTU for 2023 er 11.12.22 ansv: Lene
- Prosjektmøte Torsdag 04. mai kl 08.00 – 09.00 BVS ansv: Per Ove

5. Tankar for neste gjennomføring

- Viktig å ha god kontakt med Bømlo-Nytt, slik at budskapet også når alle i kommunen på ein god og informativ måte. Gjennom alle prosjekt me har hatt har dei vore ein god støttespelar for å fremja vår budskap om trafiktryggleik.
- Me håpar Statens vegvesen kan være med, slik at me kan styrkje arbeidet med stasjon for Russen.
- Elevrådsrepresentant må involverast frå første møte.
- SLT Koordinator må involverast.
- Me må leggja til rette for ein gjennomgang av prosjektet/program for lærarane ved både Bømlo og Rubbestadneset, nokre dagar før gjennomføring.

- Involvera dei som er i praksis frå Bømlo Vaksenopplæring
- Søkje om støtte frå FTU – Vestland

6.Program for 2022

Trafikkdag Bømlo Vidaregåande skule

onsdag 19. Oktober 2022

Kl 08.15 – 13.35

Program og tidsoppsett;

- Kl. 08.15 - 08.30:** Felles samling i Kulturhuset
- Opning av Kommunedirektør Kjetil Aga Gjørseter
 - Syning av dei to Refleksfilmene som vant fjorårets konkurranse
- Kl. 08.30 - 09.30** Foredrag Trond Haukedal
- Kl.09.30 – 09.40** Informasjon av Brannsjef Ove Halleraker
- Kl. 10.00 - 10.30** Demonstrasjon av kollisjon i 80 km/t (Parkeringsplass gamle U.Skule)
- Kl. 11.00 - 13.20** Elevane besøker stasjonar.

Gruppa går til sin 1. post (Sjå oppsett under). 20 min. pr. post. Det er satt av 15 min til aktivitet og 5 min til rotasjon.

Gå i stigande rekkefølge. Til saman 6 postar. Etter post nr 6, start på nr 1 dersom gruppa ikkje har gjennomført 6 postar.

Kl 11.00 - 11.20: 1.post

Kl 11.20 – 11.40: 2. post

Kl 11.40 – 12.00 Lunch pause

Kl 12.00 -12.20: 3. post

Kl 12.20 -12.40: 4. post

Kl 12.40 - 13.00: 5. post

Kl 13.00 – 13.20: 6.post

Kl 13.20 - 13.35: Sluttappell
(alle aktørar tek plass på scene)

Samling i «Fuglaberget»

Gruppenamn	Kven/Antal	Ansvar	Oppstart	Namnet på post	Kvar er posten ?
A		Faglærarar	1	Sunnhordland Trafikkopplæring	Klasserom A - 202
B		«	2	Ambulanse	Klasserom B - 206
C		«	3	Brannvesenet	Klasserom B - 2108
D		«	4	Politi	Klasserom A - 104
E		«	5	Trygg Trafikk	Fuglaberget
F		«	6	NAF	Rett utanfor hovudingongen

Elevar:

Totalt ca 200 elevar som gir ca 30-35 elevar pr gruppe.

Namn på deltakarar frå kvar aktør.

Ambulanse:

Nathalie Sortland Kallevåg, Elin Therese Kallevåg

Brann:

Ove Halleraker, Frode Sagvaag, Andreas Salamonsen, Bjørn Kjetil Ljosdal

Politi:

Torbjørn Andreas Lodden, Marlene Nyborg Veivåg

Trygg Trafikk:

Kjell Magne Seim, Arne Aase

NAF:

Olav Møllerhaug, Kjell Helgesen, Trond Tjelle, Torbjørn Torgersen

Sunnhordland Trafikkopplæring:

Stein Erik Hagenes, Tom Wagtskjold, Ole Jakob Hystad, Aleksander S. Husevik og (Per Ove Sercan Husevik)

7.Informasjon til media

200 ELEVAR VED BØMLO VIDAREGÅANDE SKULE HAR TRAFIKKTRYGGLEIK SOM TEMA

Onsdag 19. oktober 2022

PROGRAM

Kl 08.15 – 08.30 Bømlo Kulturhus

- Kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter
- Syning av Refleksfilmar som vant fjorårets konkurranse

Kl 08.30 – 09.30

- Foredrag Trond Haukedal

Kl 10.00 – 10.30 Ved gamle U. Skule

- Demonstrasjon av kollisjon i 80 km/t

Kl 11.00 – 13.20 Bømlo Vidaregåande skule

- Elevane besøker stasjonar

Kl 13.20 - 13.35

- Sluttappell – Ved Rektor Rebecca Hildebrandt-Paulin

TRAFIKKTRYGGLEIK FOR ELEVANE PÅ BØMLO OG RUBBESTADNESET VIDAREGÅANDE SKULE

Bømlo Vidaregåande Skule og Rubbestadneset Vidaregåande Skule, starta i 2017 eit trafikktryggleiksprosjekt for «Russen» på begge skulane. Med bakgrunn i at dette vart svært godt tatt i mot av elevane og tilsette, vidareførte og utvida me prosjektet i 2018, 2019, 2021 og no i 2022. Per Ove Sercan Husevik frå Sunnhordland Trafikkopplæring AS er koordinator for gjennomføringa.

Når fagfolk står saman om ein felles budskap, vert innhaldet sterkare og tydlegare for dei det gjeld..

Prosjektet hadde sin oppstart i august. Grunntanken er at fagfolk som alle jobbar med trafikktryggleik i ulike etatar, verksemder og privat personar, samlast og deler av sin kunnskap med våre nye og uerfarne trafikantar. Vårt prosjekt er fundamentert i o-Visjonen og har som formål å snakke med og ikkje til ungdommane.

Prosjektet er gjort mogleg gjennom støtta frå FTU Vestland.

Fylgjande aktørar er med:

Politi – Brann – Ambulansetenesta – NAF – Trygg Trafikk - Sunnhordland Trafikkopplæring AS - Trond Haukedal - Bømlo Kommune - Kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter



Kontakt informasjon.

Sunnhordland Trafikkopplæring AS
Per Ove Sercan Husevik tlf: 913 33 875 e.post: per.ove.husevik@sklbb.no

Bømlo Vidaregåande Skule
Rebecca Hildebrandt-Paulin tlf 53423811 e.post: rebecca.hildebrandt-paulin@vlfk.no

8. Bilete frå gjennomføring




Regi i Kulturhus



Kjetil Aga Gjøsæter





Elevar



Trond Haukedal



Ove Halleraker



Demonstrasjon: Kollisjon og Airbag



Politi



Politi



NAF



NAF



Lunsj til elevar og aktørar



Ambulanse



Ambulanse



Trygg Trafikk



Trygg Trafikk



Brannvesen



Bilete lånt hos Bømlo Brannvesen



Sunnhordland Trafikkopplæring



Sunnhordland Trafikkopplæring



Samling i Fuglberget



Avslutning med Rektor Rebecca

9. Innlegg frå Bømlo-Nytt

Bømlo-nytt

Vêret i dag



12°

Treng du
rørlegger eller
elektriker?
teca
Tlf. 53 40 99 00
www.teca.no

LAURDAG 22. OKTOBER 2022

WWW.BOMLO-NYTT.NO • ME ER PÅ FACEBOOK OG TWITTER • NR. 78 ÅRGANG 50 • LAUSSAL KR 30,-

Avgangselevar vil bli fornuftige sjåførar



200 avgangselevar ved Bømlo vidaregåande skule fekk prøva promillebriller, «Velte-Jacob» og mykje anna på trafikktryggleiksdag. **SIDE 4 OG 5**

Milliondryss til lag og organisasjonar

Tidlegare denne veka dryssa det millionar over lags- og organisasjonslivet på Bømlo. Det vart tildelt nær seks millionar kroner til glade mottakarar. **SIDE 8 OG 9**

I retten for drapsforsøk

30.oktober møter ei kvinne frå Bømlo i retten, tiltalt for drapsforsøk på ein mann i februar i år. Det er sett av fem dagar til rettssaka. **SIDE 3**



Debuterte som forfattar

Kurt Inge Larsen (biletet) har skrive boka «Magiske Melkevik», som vart lansert tidlegare denne veka. **SIDE 9**



Avsluttar trenar-gjeringa

Parhestane Geirmund Brendesæter og Magnar Aaland (biletet) trenar ikkje 3.divisjonslaget til Bremnes kommande sesong. Lars Petter Steinsbø Lie overtek trenarrolla. **SIDE 16**



TIPS OSS VINN 5000 KRONER!
KONTAKT OSS PÅ:
md@bomlo-nytt.no
Sms: 9100 12 2470
Tlf: 982 50 147

VER TIDLEG UTE OG BESTILL VINTERDEKK HOS OSS
billhuset:bømlo
BilXtra
Tlf. 48 32 32 36 • e-post: bomlo@bilxtra.no

SERVICE OG REPARASJON
Bil & Motorservice AS
Tlf. 47 44 30 70 • post@bilogmotorservice.no
Personbil
Buss
Lastebil
Tilleggs
Landbruksmaskiner
Adr.: Hollandsdalen 6, 5430 BREMNES

AUTO SERVICE
BREMNESVEIEN 80B - 5016
tars.magne@auto-service.no • Tlf. 52 42 87 00 / 52 42 87 01
Me har jobba med dekk i 60 år
Sjekk ut vår dekkshop!
Auto-service.no/genesator/bakk eller STÅA innom oss for alle dekkpriser. Pris vårt dekkhandel

Gode haldningar blant ung dommane

Aktørar frå ulike instansar som har med trafikk og trafikksikring å gjer kunne melde om gode haldningar blant mange av ungdommane som deltok på trafikkdagen til Bømlo vidaregåande skule.



FUNKTIONER UNGDOMMAR: Emma Engquist og Abdir Akhmal harle i møte på Trafikkdagen som Bømlo vidaregåande skule arrangerte for ungdomane. Mellom anna fekk dei prøve prosjektiler.

» Høge Samuelsen Alvreig hege alvrek@bomlo-nytt.no
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...

Kjente det på kroppen
NAF har også med seg ei innføring som elevene får kjene på kroppen om du traff nokke med...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...

Prøvede det
På Trafikk dagen sto stasjon fikk elevene oppleve å bli demonstrasjon...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...

Det var skole
På den stadien fikk ungdommane som går i 10. og 11. klasse...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...

Ute-jaoh
Ute på NAF sin stasjon vart det ei demonstrasjon for elevene...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...



LETT ALFOR OG LITT OFF: 10 elevene fekk prøve seg gjennom ei hekkemonster med prosjektiler på mellom 50 og 220 gram. Her deltok Trygve og Bømlo kommune.



ENKELT: Abdir Akhmal harle i møte med prosjektiler som var med på trafikkdagen.



STØRE KROPPER: Elevene fekk prøve korleis det var å bli stoppa, mellom anna med hjelp av trygghetsnett. Det gjorde uttrykk at dei merka dei klappet seg i hjertet som førte berre var mellom 8 og 10 km/h.



TRAFIKKTRYGGLEIK: 200 elever på Bømlo vidaregåande skule fekk prøve å bli stoppa av ein kollisjonsnett. 200 elever på Bømlo vidaregåande skule.

Spleiselag for trafikkstryggleiken

200 elever ved den vidaregåande skulen på Bømlo får kjenna det på kroppen då ein heil dag er via til trafikkstryggleiken.

» Høge Samuelsen Alvreig hege alvrek@bomlo-nytt.no
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...

Ute-jaoh
Ute på NAF sin stasjon vart det ei demonstrasjon for elevene...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...
— Det er veldig fint, men er veldig i det...

ENKELT
Abdir Akhmal harle i møte med prosjektiler som var med på trafikkdagen.

STØRE KROPPER
Elevene fekk prøve korleis det var å bli stoppa, mellom anna med hjelp av trygghetsnett.

Massemønstring med meining

Publisert: 22.10.2022 07:51Sist oppdatert: 09:31
Å sjå ein bil bli sleppt ned frå fleire meters høgd, og sjå denne dundra mot marka, og dermed få ein illustrasjon på kva krefter som er i sving om bilen du sit i hamnar i ein kollisjon der farten er 80 km/timen, er noko som gjer inntrykk på kven som helst.

Synet av inntrykt, forvridd metall gjev tankebilete som er ubehagelege å få i hovudet, ikkje minst når ein reflekterer over at slike følgjer blir det når uhellet er ute, og brannmannskap som blir kalla ut må både skjera laus på metall og benda opp dørar for å komma inn til den eller dei som måtte sitja inne i bilen, hadde dette vore ein reell kollisjon eller eit trafikkuhell der ferda enda ute i terrenget.

Ein slik demonstrasjon for førebygging og auka trafikkstryggleik, ei massemonstring med meining, skjedd hin dagen denne veka, då elevar ved den vidaregåande skulen på Bømlo fekk ein dag der trafikkstryggleik og førebygging var i fokus.

Me synest at dette er eit svært nyttig tiltak, og vonar at midlane til å halda fram med denne dagen vert skaffa til vege i overskødeleg framtid.

Slik førebygging er gull verd med tanke på ungdomane, som her får ein vekkjar, og får sjå følgjene av for høg fart ute i trafikken. Det kan stå om liv, skulle uheldet vera ute, om ein kolliderer, eller køyrer av vegen, og det er høg fart som ligg til grunn.

Alle som har teke sertifikatet i 18-årsalderen, hugsar nok den enorme fridomskjensla det gav. Sertifikatet var ein overgangsrite, frå ung til vaksen, og då er det også lett å vera litt ekstra tung på høgrefoten, og trø til på gasspedalen, midt i all euforien med å kunna leggja ut i bil på eiga hand.

Difor er det også kjekt å lesa i artiklane me har skrivne om denne trafikkstryggleiksdagen at ungdomane som var til stades, og som me snakka med, tok poenget med det heile. Nemleg at ein er tryggast ute i trafikken ved å ferdist på tryggast mogleg vis. Køyr med vit, alle saman!

• **LEIAR**